



KVINNENES INTERNASJONALE BØNEDAG

PROGRAMMET ER UTARBEIDA AV BØNEDAGSKOMITEEN I TAIWAN.

3. MARS 2023

“EG HAR HØYRT OM TRUA DYKKAR”

GUDSTENESTA

Leiar: Vi er samla for å feire den internasjonale bønnedagen 2023.

Song:

VELKOMST OG HELSING

Leiar 1: Píng-an. Denne helsinga på mandarin kinesisk betyr: Må Gud gi deg fred og la ditt samvær med Gud og menneske vere fylt av fred.

Leiar 2: Velkomen! På vegner av våre kristne systre i Taiwan ønskjer vi alle velkomne til å feire denne gudstenesta i lag.

Leiar 1: Kjære systre og brøyr. Vi ønskjer å feire denne bønnedagen med å dele vår livserfaring med dykk – og vitne om Guds underfulle nåde og mektige gjerningar.

TILBEDING

Leiar 1: Lovsyng Herren! Vi takkar Gud for all hans velsigning over Taiwan.

Leiar 2: Lovsyng Gud, Skaparen, han som skapte denne vakre øya med skogkledde fjell og havet som matfat. Taiwan er rikt på naturressursar.

Alle: Herrens namn vere lova.

Leiar 1: Det er meir enn hundre år sidan misjonærar kom til Taiwan og spreidde godt nytt. Folket høyrde evangeliet og tok imot nåden i frelsa. Sidan 1500-talet har Taiwan vore kolonisert av framande makter. Landet har opplevd etniske og kulturelle konfliktrar både sosialt og politisk, men òg integrering. Ved Guds nåde kan folket på øya leve i fred. Taiwan viser stor gjestfridom og er villig til å hjelpe og vere til velsigning for andre.

Alle: Nådige Gud, vi takkar og lovprisar deg.

SYNDEVEDKJENNING

Lesar 1: Gud, du som tilgir, vi sannar vår synd for deg. Vi har ikkje teke vare på landet du gav oss å forvalte. Dyre- og planteartar har vorte ureina og utrydda fordi vi har forsømt oss.

Alle: Gud, ver oss nådig.

Lesar 2: Nådige Gud, vi er egoistiske og arrogante og har ikkje teke innover oss kor uendeleg verdfullt mennesket er. Vi ser ikkje kva minoritetar, utanlandske gjestarbeidarar og innvandrarar treng. Vi høyrer ropet frå landet vårt, frå kvinner, born og ungdom, men har ikkje gjort nok etter den nåden du har synt oss. Det vi gjer, og det vi forsømer, har ført til at menneske lid og blir undertrykte.

Alle: Gud, ver oss nådig.

BØN OM TILGJEVING

Leiar 1: Gud, du er trufast og rettferdig. Vi ber om tilgiving. Reins oss for syndene våre og hjelp oss å leve i lyset. Gi oss ei ånd til visdom og openberring så vi blir fylte med kjærleik og tru og lærer deg å kjenne. Syn deg for oss så vi får sjå og kjenne di veldige kraft.

Alle: Amen

Song:

ANDAKT

Lesar:

Bibellesing: Efesarbrevet 1,15–19 (Bibel 2011)

Stille stund til ettertanke

BØN SOM RESPONS

Alle: Nådige Gud, vi kjem til deg med vår bøn. Vi er ikkje åleine, for du høyrer. Takk for at du er nær oss, leier og vernar oss her vi vandrar gjennom skuggedalen. Lat oss bli til ære for ditt namn og vere levande vitne om Kristus.

Ev. tid til å dele. Spør gjerne nokon på førehand.

OFRING

Leiar 2: Verdsbønedagen er ei økumenisk rørsle organisert av kvinner. Ofringa er ein del av vår felles visjon om at kvinner og born i heile verda skal få det betre. Formålet for ofringa er denne tenesta – der bøn og handling går hand i hand.

Kyrkjelyden reiser seg og syng:

Leiar 1:

Nådige Gud, Taiwan er fanga i ein kamp mellom supermakter. Landet har vore isolert internasjonalt i fleire tiår. Det internasjonale samfunnet har ikkje godkjent Taiwan som ein sjølvstendig stat. Likevel prøver landet å gjere sitt beste for å bidra i verda når det gjeld landbruk, teknologi, medisin og humanitær hjelp. Heilage Ande, gjer folket på Taiwan sterke og kloke nok til å møte ei usikker framtid. Gi landet din nåde så det kan bli til velsigning i verda. Gud, vår trøystar, du er Herren; vi vil så gjerne vere nær deg. No legg vi oss sjølv og Taiwan i di hand og ber deg vake over oss i all vår veikskap. Du er vår festning og vår tilflukt.

Leiar 2:

Kjære Gud, vår skapar! Takk for at du har gitt oss ansvar med å forvalte denne verda som er så rik på naturressursar. Men – vi har ikkje forvalta henne rett. Derfor møter vi økologiske problem som luft- og vassureining, krise i avfallsbehandlinga, rovdrift av landareal, klimaendringar og øydelegging av habitat. Livsens Gud, lat din godleik fylle vårt hjarte og lær oss å verne om verda vår.

Leiar 1:

Kjærlege Gud, du skapte oss i ditt bilete og velsigna oss. Du såg at det var godt. Vi ber for kvinner og jenter som spreier kjærleik og rettferd i verda. Heilage Ande, gi oss visdom til å kjempe for dei utstøytte og undertrykte, dei fattige og hjelpelause; gjer oss modige nok til å reise oss og tale for dei og inspirere leiarar til å skape tryggare plassar for kvinner og jenter.

Leiar 2:

Nådige Gud, Covid-19-pandemien har vore ei stor utfordring. Vi ber for dei som har mist sine kjære, og for dei som ikkje har funne lindring for lidingane. Det er så mange offer for pandemien. Gud, gi oss kraft til å hjelpe og kome med trøyst til verda i tida etter Covid-19-pandemien.

Nådige Gud, bønedskomiteen på Taiwan takkar for di gode leiing under pandemiutbrotet i 2020. Komiteen som skulle førebu bønedsdagsfeiringa 2023, arbeidde då under vanskelege tilhøve.

Omsorgsfulle Gud, takk for at du på Verdsbønedagen gir oss nåde til å halde oss nær deg og kvarandre i tru til deg. Takk for arbeidet som kvinnene i bønedsdagskomiteen på Taiwan gjorde då dei arbeidde seg gjennom forskjellar seg imellom og søkte einskap og semje gjennom Guds nåde. Herre, vi ber deg leie oss på vegen til vi er eitt i Kristus.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

SENDING OG VELSIGNING

Alle: Gud, hør forteljningane våre og hald oss fast i trua.

Jesus, gi oss visdom nok til å gripe djupnene i forsoninga.

Heilage Ande, lat opp hjartet vårt så vi blir til velsigning for andre. Amen!

Song: Den dag du gav oss

POSTLUDIUM